

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr. 10

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hordabø

Emne: Lyng, lynging

Bygdelag:

Oppskr. av: Martin J. Sylta

Gard:

(adresse): Syltavåg pr. Bergen

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle, no ca 50 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Om lynging er å fortelja at det hev vore sankar som atåtfor i mans minne og like til idag. kanskje noko meir i år med lite høi og mindre i rike høiår.

Når innhaustingi på garden var undangjort og eit og anna etterarbeid som tresking og å sankar sauene heim og klyppa dei ogso var undangjort tok ein til å gå i markja etter lyng som dei sa.

Dei rusta seg ut med ljå, helst stutturv med den (dei) nyaste ljåen (ljåna) som dei hadde att etter slåtten om sumaren, dei som hadde sers fine vollar i si utmark tok og langorv med seg men det var meir skjeldan og berre karfolkarbeid, so tok ein bryne med seg til å kveikja (slipa bryna) ljåen med, so riva til å raka lynget ihop med og so endeleg børtog og kjipa til å bera heim med. Det var helst kvinfolki på garden, kona på ein gard med dotter eller tenestegjenta, eller dottri i huset med tenestegjenta, ein skjeldan gong ogso husbonden eller anna karfolk som dreiv dette arbeid.

Dei tok til<sup>i</sup> nov. månad då var lynget endå best (mest næring i) og held fram ut etter heile vinteren når ikkje regn eller snø var til hinder, frøst derimot var kjærkomen for då var der farbart yver alle myrar og bekkjer. Fann dei ikkje meir lyng i marki som låg landfast med garden (bruket) so tok ein båt og reiste ut i øyane.

Det hende at dei hadde like mykje lyng som dei hadde høi i løda då joli kom og vinteren sette inn for alvor.

Å reisa i annan mans teig å slå lyng var rekna for tjuvri(lyngtjuv).

Lyng kan ein slå tredje til fjerde kvart år og ein kunne tildels sjå folk sankta lyng so seint som i april-mai månad. I boki om Gjest Baardsen er fortalt om lyng-sanking ute i nokre øyar i Gulen herad i samband med ein storstorm som rauk op den 11 mars ca 1860 og folki som var etter lyng so nær hadde kome burt.

Då ein so kom heim i løda med lynget so vart det stuva godt burt i ei ledig krå, det galt å få det godt ned-pakka so det ikkje turka formykje og atåt hende det vist ein hadde mykje på lager at ein måtte skvetta vatn på det.

Kona på garden var matmor ogso for buskapen. På henne kvilde det å få det innsamla for til å rekkja til til ein kunne sleppa(løysa)buskapen utatt neste vår, ho måtte difor sjå til at beisti vart etter måten bra framfødde og avdrotten vart størst mogeleg. Det var helst sauene og kui som fekk lyng og for kui må ein merka at ei ~~ku~~ Mjølkeku kan lika lyngen godt og mjølka toleg bra men ei annan likar den mindre og mjølki tek av med ein gong.

Lynget vart alltid gjeve saman med høi, å gjeva lyng åleine var svelteforing.

Hesten vil ikkje ha og et ikkje lyng og gjeit er her ikkje i vår bygd.

Om plassmennene i vår bygd er å nemna at dei måtte lita seg med det lyng som eigaren ikkje vyrde på, til dømes for han med kjipa og sigd og skar toppane av stort lyng(revelyng, soleis truleg kalt avdi ein brukte ogso å riva det til brendsel). Dette var mange gonger fult so godt i kvalitet men gav alltid mykje mindre i kvantum etter tidi ein brukte.

Lined writing area with horizontal ruling lines.

Å lynga, Lyngslått eller lyngskjering som dei ogso seier hev vore brukt i mans minne og like til no, men hev i dei seinste tider vore i sterkt avtak avdi det med tidi hev vorte lettare tilgang på pengar til kjøpefor og mangel på arbeidshjelp.

Lyng som beite.

Om lyng som beite er å fortelja at det ser ut som at om enn sauene får høi og hev det godt inne so hev dei ein sterk trong til å få koma ut etter noko ferskt. Ein hev <sup>ogso</sup> vorte vorte merksam på at sauene sjølv om der er gras å finna på bøen so tek dei seg ein tur i utmarki om dagen og et lyng og det hev sikkert ogso hendt i eldre tid at ein hev vore med sauene i utmarki og sopt snøen av men vanleg hev ikkje dette vore, derimot hev det kanskje vore meir vanleg å skufle veg for sauene gjennom snøfonnene.

Sauene slepper ein til vanleg ut kvar dag i heile vinterhalvåret når ikkje regn, snø eller rimfrost er til hinder.

Mosing:

Mose av noko slags hev eg aldrig høyrte vore nytta til for i våre bygder.

Sylta den 6/11-48

*Martin J. Sylta*

2276

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

